



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 3 • SEPTEMBER 2022
83. ÅRGANG



Johannes Waage
Side 4-5

Ordinasjonsgudsteneste
Side 7

Krølletreff
Side 8-9

Konfirmantane
Side 10-11

FRAMSIDA

Bilete på framsida viser konfirmantane i Strandebarm dette året. Biletet er teke av fotografmeister Eric Clement og nytta med velviljug løyve. Sjå side 10-11 for namn og fleire bilete.

PLANT EIT TRE- EKSPRESSEN

Brukande ting som kan verta til glede for andre vert henta av Plant eit tre-ekspresen, sjå biletet. Overskotet frå butikken vert sendt til hjelp til sjølvhjelp-prosjekt i ulike land.



LEIAR

Ja til eit fargerikt fellesskap

Lars Arne Vik

Redaktør



I Den norske kyrkja i Kvam har me for tida heile fem tilsette som ikkje kjem frå Norge. Av femten tilsette som har kontaktopplysningar og bilete av seg på nettsida vår, er dette altså ein tredjedel av arbeidsstokken!

For me som er ein del av ein internasjonal stab er dette noko som gjer arbeidsdagen rikare. Kva temperatur sjøen må ha for å frista til eit morgonbad er til dømes nokså ulik, alt etter som om det til vanleg er kaldare på land enn ut i eller omvendt, for ikkje å snakka om mat og alt anna eksotisk.

Men me tilhøyrer vår verdsvide kyrkje. Trua sameinar oss. Alle vil me

arbeida til beste for kyrkja sin Herre og kvarandre og få fram det beste frå kvarandre. Og me må velja våre ergringar med omhu.

Eksempelet er den beste læraren! Når me kan arbeida saman og ha det kjekt saman i staben i Den norske kyrkja i Kvam vil det vonlegvis spreia seg utover, som ringer i vatnet.

Og så ligg alt til rette for at me kan knekka den koden som må knekkast for at òg ein tredjedel av dei som kjem til kyrkja på ein vanleg søndag er våre nye landsmenn.

Ja til eit fargerikt fellesskap.

UTANBYGDS ABONNENTAR

Har du nokon i familien som vil verta glad for å få Kyrkjeblad for Kvam tilsendt? Send namn og adresse til post.kvam@kyrkja.no, merk emnefeltet med Ny abonnent, evt bruk tlf eller brev.

Hugs nettsidene våre:

kyrkja.no/kvam



Den norske kyrkja i Kvam



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Annonser:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

474 83 120 / 414 00 035

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einsskilde sokneråd.

Kyrkjevevja i Kvam:

Sigrud Karoline Eriksen-Tufteland, se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme, rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 440

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Lisbeth Henriksen, lissihen69@gmail.com

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Kåre Milje, kaa-milj@online.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim, ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang, oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim, ragnhild.nordheim@gmail.com

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082

Vitnesbyrd og teneste

Matias Garnes (19)


er miljøarbeidar på Framnes kr vid skule og konfirmantarbeidar i Den norske kyrkja i Kvam.

Etter eit år på bibelskule er eg tilbake i Kvam, som miljøarbeidar på Framnes og konfirmantarbeidar i Den norske kyrkja, med den eine hensikt å gjere Han som mi sjel elsker, Jesus min frelsar, kjend blant elevane og konfirmantane i bygda, skriv Mahias Garnes, vår nye konfirmantarbeidar i andakten.

På Framnes vekka Gud i meg ein interesse for Hans Ord, først som ei tekstbok og seinare som det i sanning er, Guds Ord «som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus» (2 Tim 3,15).

Namnet mitt er Matias Garnes. Eg kjem frå plassen med same namn, Garnes, utanfor Bergen. Frå eg var liten har eg vore med i kor og klubb, søndagsskule og leirar, og heile tida høyrd mykje om Gud og Jesus. Likevel kan eg hugse at eg tenkte på sengekanten som liten at dette med Gud skulle eg ta skikkeleg stilling til når eg vart gammal og moroa i livet nærma seg over.

Ettersom eg vart eldre sklei livet mitt meir og meir ut; eg sa at eg var kristen og stod opp for trua når den kom under spørsmål av klassekameratane mine, men eg levde eit dobbelt liv. I denne tida brann eg innvendes med sinne, misunning og ugudelege lyster, eg mista interessa for

gudstenestene og ville heller sove lenge, enn å høyre Guds Ord forkynt. Eg var verkeleg død i mine synder og utan Gud i verda (Ef 2,1-3.12).

Men så, gjennom ulike personar eg møtte fekk eg kjennskap til Framnes KVGS, og i Guds forsyn var det her eg enda opp for å gå vidaregåande. Dette skulle vise seg å bli dei tre viktigaste åra i livet mitt så langt. På Framnes vekka Gud i meg ein interesse for Hans Ord, først som ei tekstbok og seinare som det i sanning er, Guds Ord «som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus» (2 Tim 3,15).

Etter ei stund på Framnes vart eg kjend med ein eldre mann i bygda som gjerne ville ha bibelundervisning for ei gruppe ungdommar. Hja han fekk eg læra kva Gud har gjort frå skapinga av for å frelse eit folk for seg sjølv. Denne Guds forteljing kulminerer med ein korsfesta frelsar som lir for verda si synd og for fyrste gong fekk eg òg sjå mi eiga synd på korset. Eg forstod at Jesus hadde betalt mi skuld fullstendig så eg kan gå fri, og det av berre nåde ved tru! (Ef 2,8-9).

Sjølv om eg ikkje var tenkt å ta stilling til Gud, så tok Gud meg, opna mine auge og lot meg forstå evangeliet. Han tok ut mitt hjarte av stein og sette inn eit hjarte av kjøt som er i stand til å elske og tene han (Esek 36,21).

No, etter eit år med Bibelskule, er eg tilbake i Kvam. Denne gang er det som miljøarbeidar på Framnes og som konfirmantarbeidar i Den norske kyrkja, med den eine hensikt å gjere Han som mi sjel elsker, Jesus min frelsar, kjend blant elevane og konfirmantane i bygda.

Den store barnedåpen

På gudstenesta i Øystese kyrkje søndag 28.08 vart det døypt heile sju barn. Mellom desse var dei tre barna til kateketen og kyrkjetenaren i Den norske kyrkja i Kvam. På biletet ser me Frankie Mario Andrianaivo og Mampion Andriamandimby og borna Asael Peterson Andrianaivo, som vart døypt av sokneprest Roar Strømme, Natanael Peterson Andrianaivo på far sin arm og Mikael Peterson Andrianaivo på mor sin arm. Foto: Bryna Opdal.



- Guds velsigning gjer rik

Kjennskap vart til venskap, og venskap vart til ekteskap hausten 2018, fortel Johannes Waage (91), som ettter mange år i Kvam som lensmann og aktiv i kristent arbeid no bur i Skånevik.

Tekst og bilete: Arne O Øystese

- Etter at du og familien hadde vore busett i Øystese tett på 60 år, kom det uventa at du no har slege deg ned i Skånevik?

- Anne Marie og eg vart gifte i 1956, og kom til Kvam i 1962. I Øystese fekk me bygd oss hus, og her fekk borna våre veksa opp under trygge og godt tilhøve. Då kona mi døydde i 2016, vart livet og kvardagen heilt annleis for meg. Borna våre hadde for lengst flytta ut or bygda. No var eg åleine att i heimen. Mange av våre nære vener og omgangskrins var også døde. Dermed kom spørsmålet til meg: kva gjer du no?

Venskap til ekteskap

I mange år har vi saman med vener reist til Hermon høgfjellshotell i Sudndalen, Hallingdal. Då eg etter ei tid kom dit, møtte eg ei kvinne som også var blitt åleine etter at mannen slokna. Kjennskap vart til venskap, og venskap vart til ekteskap hausten 2018. Audny Jespersen har budd i Skånevik sidan foreldra hennar kom dit i slutten av 1940-talet. Vi bur no sentralt her i Skånevik, og ser det som ei velsigning frå Herren at vi får dela livet saman her.

Lensmann

- Din barndom og oppvekst var i Sunnhordland – på Tysnes?

- Våge på Tysnes er staden kor eg vart fødd og vaks opp. Far var sjømann i utanriksfart, med lange periodar til sjøs. Det vart difor mor som fekk ansvar for oss borna på det vesle småbruket. Etter skulegang og konfirmasjon, gjekk eg på Nordhordland folkehøgskule. Berre nitten år gamal vart eg vikar som betjent hjå lensmannen på Tysnes. Det var ikkje planen min å få arbeid i politiet, men slik vart det. Før eg i 1955 til 1956 tok politiskulen i Oslo, hadde eg vikariert som lensmannsbetjent i Strandebarm og hjå lensmannen i Vaksdal. Deretter vart eg tilsett som lensmannsbetjent i Fjell og Samnanger.

- Og så vart kursen sett mot Kvam?

- Anne Marie og eg vart gift i 1956. Me budde to år i Fjell og så fire år i Samnanger – begge stader var eg lensmannsbetjent. Frå 1962 var eg først vikar for den eine lensmannsbetjenten i Kvam – ei stilling eg seinare fekk fast tilsetjing i. Strandebarm og Kvam var i 1964 slege saman som eit herad, og tilsvarande vart Kvam eitt lensmannsdistrikt. Frå 1973-96 var eg lensmann i Kvam.

- Trivdes du som lensmann?

- Som lensmann lærer du folk å kjenna – både på godt og vondt. Eg har i alle år vore velsigna med ei god helse, og det har mang ein gong kome vel med. Ein kjem opp i situasjonar som er svært utfordrande og krev god dømekraft. I dette yrket er det ingen gjeve å takla alle situasjonar og hendingar på beste måte. Ein har knapp tid, og må etter beste evne handla raskt. Men med samarbeid med gode og dyktige kolleger gjennom alle desse åra, har det vore interessant og lærerikt.

Ordførar

- Du var også heradet sin fremste tillitsmann – som ordførar frå 1984-88?

- Det kom uventa på meg etter kommunevalet i 1984 at eg skulle verta ordførar. Eg lærde mykje dei fire åra. Det var ikkje alltid like enkelt å gjera vedtak som alle var nøgde med – det var så avgjort noko eg fekk høyra. Saman med kommunestyret arbeidde eg for at vegstandarden i Kvam skulle betrast og arbeidde for utvikling av næringslivet – noko som er ein viktig føresetnad for auka busetnad. At lag og organisasjonar også fekk gode vilkår, såg eg som viktig.

Mandolin og gitar

- Ditt kristne livssyn har vore ei bærande søyle i livet ditt?

- Anne Marie og eg har i alle år hatt trua på Jesus som Frelsar; det har vore grunnmuren i livet vårt. Vi var svært takksame for borna våre som kom til - Eva, Kjersti, Barbra og Ingvald. Eg såg det som mi oppgåve å gå inn i det kristne arbeidet på bedehuset i Øystese. Johannes Skeie spela mandolin og eg gitar. Saman hadde vi ansvar for yngresarbeidet – ungdom mellom 10-13 år. Ei fantastisk arbeidsmark! Det var eit rikt arbeid på bedehuset; kvar misjon hadde sine veker og folk slutta godt opp om arbeidet. Då Øyste-

se- og Norheimsund Ungdomskor vart skipa, var det rikt å sjå alle dei unge som slutta opp om kristen song og forkynning, og dermed fekk staka ut livskursen i følgje med Jesus.

Menn på Øysteseheimen

- Eg må også få nemna eit anna arbeid eg gjekk inn i og tykte var interessant. Anders Aarsand hadde starta ei samtalegruppe for menn på Øystese sjukeheim saman med bl a Asbjørn Vik og Tor O. Øystese med fleire, kor me prata saman, song og fekk eit triveleg fellesskap. Det sosiale aspekt var viktig, det å få bukt med einsemda som ofte melder seg. Seinare kom yngre krefter til - med Lars Gunnar Lundblad som leiår.

Sorg og sagn

- Livet går ikkje alltid på skinner. Som kristne har vi heller ikkje lovnad om berre medgang og gode dagar?

- Det stemmer. Men vi har EIN som går med oss – alle dagar, både dei gode og dei tunge og mørke. Familien vår fekk røyndet dette brått og uventa ein laurdag i mars 1980: Ingvald, sonen vår, hadde vore på Utlebøen. Han kom heim; kasta opp, og vart medvitslaus på badet. Lækjar Audun Storås kom raskt til oss, og Ingvald vart snøgt sendt til Haukland Sjukehus. Der vart det konstatert hjerneblødning. Eg var med til Bergen, Anne Marie var heime. Det vart ei tung og vanskeleg tid me gjekk i møte; sorga og saknet var stort. Når døden kjem så brått og uventa, får ein heller ikkje høve til å førebu seg på det som ventar. På den andre sida opplevde vi stor medkjensle og trøyst både frå venner på bedehuset, kolleger, bygdefolk og frå prestane våre, Asgeir Straume og Bjarne Edvin Landro.

Klasse i gravferda

Ingvald var eit bønemenneske. Han hadde skrive opp namna på alle i klassen sin og bad for dei regelmessig. Difor var det ekstra sterkt då Ingvald sin klasse kom i kyrkja gravferdsdagen. Det som bar oss gjennom den tunge tida, var vona om at døden ikkje har siste ordet. Ved Jesu død på krossen for våre synder, og oppstoda påskedag fekk me kvila i Guds ord: «Lova vere Gud, våre Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har gjeve oss ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde» (1 Peter 1,3).



No gled eg meg over det eg høyrer om arbeidet i Øystese bedehus, med alle dei unge som no er aktivt med – både på møte og i ungdomsklubben Origo, seier Johannes Waage.

- Saknar du Øystese?

- Eg har trivdes godt kor eg har vore. Men: «Alt har si tid» står det i Bibelen. No gled eg meg over det eg høyrer om arbeidet i Øystese bedehus, med alle dei unge som no er aktivt med – både

på møte og i ungdomsklubben Origo. Så må eg også nemna det store bygget som no er i full drift: Hardangerfjord Hotell; med legesenter, apotek, fysioterapeut, svømmehall, og kompetent helsepersonell som gjev behandling til dei som har

trong for rehabilitering. Med alt det som no skjer i dette svære bygget, er det inga tvil om at det har framtida for seg. Leitt var det at pandemien kom rett etter start. Men alt ligg vel til rette for god drift framover.

VÅR NYE SAKSHANDSAMAR

Inger Karin Tordal

Å vera sakshandsamar er ei stilling der du ofte hjelper andre, noko som eg trives svært godt med. Denne stillinga her i fellesrådet er særst variert og for dei som trur at det er kjedeleg så kan eg fortelja at det er alt anna enn det. 😊

Men viktigast av alt er kjekke kollegaer, og det har eg fått i fullt mon her! Skilnaden frå tidlegare kontor er nok at her er det atskillig fleire oppgåver å halda styr på, program og register som eg ikkje

har vore borti før. Har ei stund igjen før eg trur at arbeidsoppgåvene er blitt rutine! Eg trivst med at det skjer noko på kontoret kvar dag, ein dag er aldri lik den førre. Og så er det alltid kjekt å ha organistane si øvingsmusikk i bakgrunnen! For tida er eg på jakt etter hus, så det opptar ein del av fritida mi. Eg har akkurat starta i Strandebarm songlag, padlar kajakk med Strandebarm sjøaktiv og trivst aller best på tur i Guds frie natur.



Inger Karin er 53 år og kjem frå Fosse i Strandebarm, er utdanna barnevernspedagog og har arbeidserfaring m.a. frå kontor, barnevern, psykiatri, flyktningemottak, hotell- og servicebransjen.

VÅR NYE ORGANIST

Ulf Krupka

Kvifor vart du organist?

Jeg begynte med piano som femåring. Også var min far prest. Da hadde jeg alltid tilgang til kirka og orgler. Jeg vokste inn i det. Musikk i kirka gir en ekstra dimensjon utenom ordene som jeg alltid var og er fascinert av.

Korleis er det å arbeida som organist?

Jeg liker å spille orgel og piano. Jeg liker å få andre til å synge. Jeg liker å akkompagnere sangere, kor og instrumentaler. Jeg liker liturgi og musikk i kirka.

Kva er skilnaden på å arbeida i Den norske kyrkja i Kvam i høve til der du arbeidde før?

Det er litt tidlig å si. Det er min tredje uke. Men folk er veldig positive og interesserte.

Kva saknar du mest frå Tyskland?

Huff..... etter tjuefem år i Norge er jeg vant til det meste her i Norge. Det er nok kanskje min familie, spesielle sørtyske rundstykker og noen tyske ølsorter.

Kva trivst du best med i arbeidet ditt?

Å jobbe med musikk og med mennesker.



Ulf er seksti år, kommer fra Tyskland, har bodd i Norge siden 1997, er utdannet kantor/organist/kirkemusiker og har spilt til gudstjenester siden han var fjorten år og jobbet i Berlin, Tromsø, Vestby og Ski.

Døve- gudsteneste

Søndag 14. august hadde me vitjing frå Døves menighet i Bergen. Døveprest Inge Sørheim og mange andre tok del. På biletet ser me kyrkjeklokka den dagen, dei døve skulle òg høyra klokkene. Takk til prost em Arne O Øystese for lån av skipsklokke! Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med frukt utanfor kyrkja (LAV).



Straum og anna

Her på kyrkjekontoret er me på full fart inn i haustsesongen, aktivitetar startar opp igjen og sommaren 2022 er eit falmande minne, om varme soldagar og kalde regndagar. Me håpar at hausten og gjev nokre soldagar, sånn at me verkeleg kan nyte fargespelet i lauvet som gulnar.

Søppelhandtering

Kyrkjegardane har fått litt mindre stell denne sommaren enn sist sommar, ikkje fordi me ikkje vil ha det fint, men med avgrensa ressursar må me prioritere. Me prøver og å få til ei søppelhandtering på kyrkjegardane, som er god for deg som brukar kyrkjegarden og for oss som jobbar der. I dag har me tilfredsstillande søppelhandtering på nokre av kyrkjegardane, mens det er mindre tilfredsstillande på andre kyrkjegardar.

Når me gjer endringar, kan det hende at du får litt lengre å gå frå grava du steller til søppeldunken, enn du har i dag. Me skal prøve å gje alle moglegheit til å få kasta søpla si på ein god måte, men me er og avhengige av at du tek ansvar for di søppel, og kastar den i søppeldunken.

Me hadde lenge eit håp og ein ambisjon om å få til søppelsortering på kyrkjegardane, det har me gitt opp inntil vidare. Alt søppel frå ditt stell på grava, går no som restavfall.

Plassering av steinar

Du som festar ei grav, har ansvar for denne grava, og at gravstøtta står fint. Me ser det kan vere ei utfordring. Det fyrste du må passe på er at gravsteinen blir plassert riktig på grava, det sørgjer som oftast forhandlaren av gravminne for. Diverre ser me av og til at det går litt for fort for dei. Nokre steinar plasserast feil, anten skeivt eller for grunt. Det er viktig at steinen står riktig, både for at det skal sjå pent ut på kyrkjegarden, for at me skal få klipt graset fint rundt steinen og for at steinen ikkje skal velte. Om du syns steinen på din gravplass står skeivt, kan du anten rette den sjølv eller leige oss til å rette den for deg. Me kjem og til å gje beskjed når me ser steinar som står i fare for å velte, sånn at du kan få retta den opp.

Gras framfor steinar

Dei fleste gravene på kyrkjegardane i Kvam er fint stelt, men me ser nokre graver som ikkje får stell, og det kan det vere

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland

Kyrkjeverje



mange grunnar til. Frå 2023 vil me ta kontakt med dei festarane som ikkje steller gravene sine. Får me ikkje kontakt med festaren av ei slik grav innan rimeleg tid vil me ta vekk blomebedet og heller så gras. Har du ikkje moglegheit for å stelle grava sjølv, så kan du kjøpe gravstell hos oss.

Straumprisen

Sommaren mest brukte overskrift har vore: Straumprisen når nye høgder i dag! Her i kyrkja har me vore i dialog med kommunen om å få redusert strauprisane. Kommunen har ikkje gitt oss noko svar enda, så me ser for oss ein haust og vinter med straumsparing. Kan hende me nok ein gong må vurdere å stenge kyrkjer.

Samstundes tvingar dei høge strauprisane oss til å tenkje nytt. Kan me få ha solcellepanel på nokre av våre bygg? Må eller kan me isolera bygga våre, eller investere i nye og betre varmekjelder? Eller må kyrkjegiengarane kle seg for lågare temperaturar?

Siste ord om høge strauprisar er sikkert ikkje skrive eller sagt, ei heller i denne samanheng.

Endringar

Til tross for høge strauprisar ynskjer me aktivitet i kyrkjene våre, og eg håpar at nettopp du tek deg ein tur i kyrkja i haust, anten det er på ei gudsteneste, eit føremiddagstreff, babysong eller kva arrangement som passar for deg. Kyrkja skal vere ein god plass å vere, anten du treng å møte andre menneskje, høyre ei preike, få tid til ettertanke eller nyte musikk i kyrkjerommet.

Kyrkja er i endring, og me er inne i ei fase med endringar i kyrkja i Kvam.

Biskopen kjem

På nabokontoret mitt sit sakshandsamar Inger Karin Tordal som byrja like føre sommaren, på orgelkrakken sit Ulf Krupka, den nye organisten, og i byrjinga av oktober kjem den nye presten Vetle Karlsen Eide. I oktober vil me ha storfint besøk her to gonger i løpet av ei veke. Biskop Halvor Nordhaug besøkjer alle prostia i Bjørgvin i løpet av hausten, og kjem til Norheimsund 4. oktober. Søndag same veke, 9. oktober, er det ordinasjon av Vetle Karlsen Eide, og i Norheimsund kyrkje. Så ynskjer eg deg ein god haust, og velkomen til kyrkjjes!

Prosti- gudsteneste

i Norheimsund kyrkje
tysdag 04.10.22 kl 18.00
v/biskop Halvor Nordhaug (bilete)
for tillitsvalde og frivilljuge i prostiet
Etter gudstensta vert det ei samling
avslutta med enkel kveldsmat
Alle er velkomne!



Ordinasjons- gudsteneste

i Norheimsund kyrkje
søndag 09.10.22 kl 11.00
v/biskop Halvor Nordhaug
Ordinasjon av
Vetle Karlsen Eide (bilete)
Alle er velkomne!



Krølletre



Treåringane vert inviterte til krølletreff. På bilete ser me barn frå Vikøy sok

Trusopplæring i Kvam hausten 2022

• Babysong: (0-1 år)

Måndagar: kl. 11.00-13.00 i Norheimsund kyrkje.

Datoar: 5. sept, 19. sept, 3. okt, 17. okt, 31. okt

• Småbarnstreff: (0-6 år)

Onsdagar: kl. 10.00-12.00 i Norheimsund kyrkje.

Datoar: 31. aug, 14. sept, 28. sept, 26. okt, 9. nov, 23. nov, 14. des

ff i Kvam



kn i Norheimsund kyrkje og Øystese sokn i Øystese kyrkje. Foto: Bryna Opdal.

• Fireårs-bok: (4 år)

Førsamling ein ettermiddag i veke før bok-utdelinga
Gudstenester med bokutdeling:

- Øystese kyrkje: søndag 25. sept, kl. 11.00
- Strandebarm kyrkje: søndag 25. sept, kl. 11.00
- Norheimsund kyrkje: søndag 2. okt, kl. 11.00
- Ålvik kyrkje: søndag 2. okt, kl. 11.00
(i lag med 6-åringane)

Krybbevandring: (3-6 år)

Når det nærmar seg jul, blir barnehagane
inviterte til å delta på krybbevandring i
kyrkjene.

Alt dette står også på heimesidene våre,
sjå www.kyrkja.no/kvam

KONFIRMANTANE

i Den norske kyrkja i Kvam 2021-2022

Alle bileta er tekne av fotografmeister Eric Clement og nytta med velviljug løyve

Konfirmantar i Strandebarm sokn 2021-2022: Første rekke f v: Nora Augestad, Vanja Lid Eve, Ingeborg Gjerstad, Angelina Angelov Heggholmen og Ingeborg Dolve. Andre rekke f v: Kateket Mampion Andriamandimby, Ørjan Berge, Theodor Wilhelmsen, Jonas Bjørke, Per Eskil Flemmen Skogvoll, Morgan Augestad Ljones og sokneprest Roar Strømme.



Konfirmantar frå i Ålvik sokn 2021-2022: Framme f v: Liva Garen, Jorun Holst, Veslemøy Isabella Myklebust, Eli Hamre, Gyda Aalvik Rosseland og Oda Egdetveit. Bak f v: William Rykkje Vaka, Jonas Erik Huttenlocher, Emilija Racko, Ole Berdal og spr Lars Arne Vik. Ikkje til stades: Jessica Madelen Offerdal Ebert.



Konfirmantane i Vikøy sokn i Norheimsund kyrkje 2021-2022: Første rad f v: Linnea Snilstvedt Rykken, Ida Elise Buene, Maria Norheim Åsebø, Liv Sandven, Lilly Alida Eikrem, Vilde Lid Grendal, Mari Valland Ystheim og Sandra Mo. Andre rad f v: Eirik Neteland Rykkje, Justin Lorenzo Mo, Synva Seljestad Holt, Leana Eide Cavalli, Hanna Casandra Eriksen, Henrikke Steine, Hannah Trones, Mathias Tysnes Danielsen og Bahram Øvrehus. Tredje rad: Kateket Mampion Andramandimby, konfirmantlærer Eivind Daniel Brakvatne Røed, Lars Lundblad Vespestad, Anton Hjartnes, Håvard Kolle, Eskild Storm Eikrem, Stefan Valland Djupvik, Frede Gravdal og sokneprest Roar Strømme. Fjerde rad f v: Vegard Eikeland Sangolt, William Valland Røen, Sindre Kolle, Aleksander Melcher, Benjamin Nielsen Lid, Oliver Kristensen og Kristoffer Vik Tolo.



Konfirmantar i Øystese sokn 2021-2022: Første rad f v: Sunniva Tollefsen Vågen, Celina Vangen, Victoria Valland, Guro Honningsvåg Vik, Eline Torvund, Eira Moe-Rosseland og Amalie Søderstrøm Aalvik. Andre rad f v: Mampion Andriamandimby, Ove Nyland, Isak Mo Alvsaker, Cornelia Torpe Jensen, Miriam Hatlem, Tuva Øystese Berge, Ida Nesse Selsvik og Gaute Berge. Tredje rad f v: Simon Håland, Sverre Gule, Magnus Linga Berge, Brage Tellevik og Johannes Stuve Grønsberg.

Kvammakryssordet

DYRA	GRESK BOKSTAV MÅRKE- INGAR	DEL AV KYRKJE NESTEN	HA I SINNE	ORESLEKTA (lat.) KNIPE	AFFEKT	BLIKK	ELTAR	GLI GJØN SERGEANT	LITEN AURE SVIKEFULL	REGENT	ER SJELDAN UTE EIN GAUP	SETJE PÅ AGN
EKSCLU- DERING								TEKNIKK FASE OMV.				
KYRKJEBYGG GRESK BOKSTAV						PARTI	LIDING					
STUDERTE FANATIKAR											SAMAN- VEKSING	PREP.
GLØDA UTTALTE FORME									NÆRING BELTESTAD			SPRITEN
			SAM- ARBEIDA									
				HELSE 50	DIKTA- TORISK	KAVE	FIGUR NATRIUM JENTENAMN		SANTORINI DANNING			
BUSKEN GJERRIG- KNARK MATERIE						DYRET						
			KAVD	TIDSPUNKT			GREIP			ARSENAL- SPELAR OFFISEREN		
INFORMA- SJONEN SKIMERKE						STROPPE- KJOLE						50
				IKRING HIMMELSK SKARE		KVISE REISE- HANDBOK						FOSFOR RUNDT
LUKTE TAL FASE				ELV INTER- NASJONAL EINING		KINESKISK BY					TRE	
	STAUARANE	MANGE- SIDIG TO LIKE							GODSRUTE (fork.) IKKJE VELKOMEN		SLAPP BAND	
						ERBIUM		INHABIL				500 PLANTE
BRUKE KNEP BY I IRAK				HAMNEBY				VOKAL NOTE	GRESK ØY FLYTEKULE			
MYNT GRESK		OM- ADRESSERE									TRE FRAKTAR GODS	
				MÅLE- EINING		FLIRE		FOTBALL- BRØDRE				
AVSLUTT KRYPA		OKSYGEN		REIM				PARTI KALIUM		RIME		
		PARTI		LITEN SKAPNING								TONN

Kryssordet er laga av Bjarte Almønning, Øystese. Løysinga på kryssordet er på side 15.

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon
og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



 KIRKENS
SOS

Thore Eithun Helland

«Mellom dei blåe fjella på den andre sida av fjorden låg breen, Folgefonna. I sen trekte til seg skyer og dis frå fjorden og låg innhylla i ein viss mystikk. Breen laga eit tak for heile Hardanger. Der oppe var det mogeleg å sjå ned i nakken på alle kommunane i regionen. Ute i bukta låg Sandvenholmen slik han alltid hadde lege. Det var eit fint syn, med unntak av den rusta lekteren som låg ankra opp på den eine sida. Det var den same holmen eg kunne hugse frå barndomen.»

Det er kjekt og ikkje så lite stas å lese i bøker om plassar der du er kjend. Då kan du sjå handlinga føre deg på ein heilt annan måte enn når du må dikte omgjevnadane sjølv.

Dersom du lyst til å lese noko svært lokalt, med handlinga sett i Norheimsund eller Øystese, er bøkene til Thore Eithun Helland eit godt og spennande val.

Eithun vart fødd i 1965 i Sogndal, men han vaks opp i Hardanger, i vårt eige Norheimsund. Som ungdom var han med i rockeband der det var han som skreiv alle låtane. Han spelte gitar og munnspele og var vokalist.

Seinare byrja han å skrive litt dikt. I byrjinga var dei humoristiske, men etterkvart prøvde han seg på nokre med litt djupn og alvor i. Han var innoft både dikt- og novellesamling før han kjende at romanforma sat.

Thore Eithun Helland utdanna seg til jurist og har arbeidd som advokat og vore busett i Oslo det meste av livet. Men ein kort periode arbeidde han som resepsjonist i Norheimsund. Denne tida har nok

inspirert til debut-boka hans, *Bitterhonning blues*, som kom ut på Samlaget i 2003.

Det er ein handlingsmetta roman som har mange parallellar til Helland sitt eige liv. Boka fyller oss med barndomsminner og sommar i Norheimsund, men hovudpersonen er komen i ein komplisert situasjon og viklar seg inn i damehistoriar som ikkje gjer livet noko enklare.

I 2008 gav Helland ut roman nummer to, *Natta blir til regn*. Boka med den poetiske tittelen er som debutboka, ein underhaldningsroman. Her må hovudpersonen ta eit oppgjær med fortida og og den vanskelege oppveksten i Øystese. Lesaren får eit tilbakeblikk til bygda og ungdomslivet der på 70-talet.

I 2013 kom det ein spenningsroman. Ein ekte Hardangerkrim om rockemusikaren frå Øystese som havnar i trøbbel med nokre torpedoar på grunn av ei gedigen gjeld. Her får me alt ei spenningsbok skal by på: tidlegare drapsdømte kamerautar utan sperrer, action, smuglarsprit og tragiske familieløyndomar.

Slik introduserar Helland *Grova* for lesarane sine:

«*Grova blir sentrum i Norheimsund kalla, etter ein bekk som rann gjennom der for lenge sidan. Sentrum i denne bygda tek til der dei to bruene kryssar mellom Movatnet og fjorden. Er det fjøre, renn ferskvatn ut. Når det flør, blandar det reine vatnet seg med sjøen som renn inn. Ein aure kan ta plassen til ein torsk – og omvendt. Ingen høyrer heilt heime der, og samtidig er det vanskeleg å finne vegen ut og bort.*

To bruer, ei ny og ei gamal.» (Helland, Bitterhonning blues, s.37)

Helland ser framleis ut til å sysle med



Thore Eithun Helland

skriveri. Songen *Vegen* kom ut på spotify i 2021. Melodien er utgjeven og framført av broren til Frank Helland (med eit kobbel gode musikarar, fleire av dei med tilknytning til Kvam), men skal vera skriven av Thore:

*Eg lengtar te'bake te'staden eg kom frå
Eg prøvde å gå, men vegen va' stengt
Stien ligg fast, berre ein veg eg kan gå
Ei kjensle av vemod og lengt
Vegen e'smal
Eg kan ikkje snu
Eg kjenne' meg skral
Som ei nedrasa bru
Og ingen forventar
At eg ska' koma igjen
Nei, ingen forventar
At eg ska' koma igjen*

Utdrag frå *Vegen*, Frank Helland 2021

Kvam bibliotek


Dette er førebels den siste artikkelen om forfattarar med tilknytning til Kvam. Me takkar Kvam bibliotek for innsatsen.



Krystallnatta 2022

Kyrkjekveld i Ålvik kyrkje med fakkeltog til snublesteinane onsdag 9. november kl 19.00
Innlegg v/ Nils Fleten frå Ulvik.
Kulturelle innslag
Kveldsbøn v/ spr Lars Arne Vik og kantor Ulf Krupka

Arr: Ålvik sokneråd



Gudstenesteliste

25. september

- Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Roar Strømme
Utdeling av bok til 4-åringene

25. september

- Øystese kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest
Sokneprest Lars Arne Vik
Utdeling av bok til 4-åringene

25. september

- Norheimsund kyrkje kl. 18.00
Ungdomsgudsteneste

2. oktober

- Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Prestevikar Norunn Rød Markhus
Utdeling av bok til 4-åringene

2. oktober

- Ålvik kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest
Sokneprest Lars Arne Vik
Utdeling av bok til 4-åringene

4. oktober

- Norheimsund kyrkje kl. 18.00
Prosti-gudsteneste ved biskopen,
for frivillige og folkevalde i prostiet

9. oktober

- Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Biskop Halvor Nordhaug
Ordinasjonsgudsteneste for Vetle
Karlsen Eide

16. oktober

- Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Konfirmasjonspresentasjon

16. oktober

- Norheimsund kyrkje kl. 17.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Kyrkjeklubben og Roar Strømme deltar

23. oktober

- Øystese kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

30. oktober

- Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

30. oktober

- Strandebarm kyrkje kl. 17.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

6. november

- Vikøy kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

6. november

- Øystese kyrkje kl. 17.00
Helgemesse-gudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik

9. november

- Ålvik kyrkje kl. 19.00
Kyrkjekveld med kveldsbøn og
fakkeltog til snublesteinane
Sokneprest Lars Arne Vik

13. november

- Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Lars Arne Vik

13. november

- Ålvik kyrkje kl. 17.00
Sokneprest Lars Arne Vik

20. november

- Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

20. november

- Øystese kyrkje kl. 17.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

27. november

- Norheimsund kyrkje kl. 16.00
Lysmesse
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

27. november

- Ålvik kyrkje kl. 17.00
Lysmesse
Sokneprest Lars Arne Vik

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

PRESTEN HAR ORDET

Pastorale vaktskifte

Underteikna avsluttar i desse dagar tenesta si som prest i Kvam. Det har vore 7 krevjande og gjevande år. Takk for fellesskap i tru, tilbeding og teneste!

Så er eg glad for at det er nett Vetle Karlsen Eide som no tek over denne tenesta. Eg kjenner Vetle frå samarbeid gjennom fleire år, særleg innan inkluderingsarbeidet i kyrkja. I han får Kvam ein motivert og engasjert prest med stor gjennomføringskraft. Ta vel imot han!

Karlsen Eide vert ordinert av biskopen ved gudstenesta i Norheimsund kyrkje søndag 9. oktober. Sidan biskop Halvor vert pensjonist i haust, vert dette truleg den siste tenesta han har i Kvam som biskop. I han har Bjørgvin hatt ein visjonær biskop som har leia bispedømet med vit og vidd, prega av hans store teologiske kunnskapar og gode formidlingsgivnad. Me takkar biskop Halvor for tenesta og ønskjer han signa dagar som pensjonist.

Midt i den pastorale flyttesjauen går ei særleg takk til alle dei medarbeidarane som gjer ei trufast teneste, år ut og år inn, medan prestar kjem og går. Utan desse beresøylene i kyrkjelydane hadde der ikkje vore mykje å bygge på for sjølv den mest dugane prest. Måtte me, til liks med dei, finne vår plass i kyrkjelyden, i tru og teneste, - Gud til ære og menneske til gagn.

Roar Strømme

Sokneprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



Ungdomen altså

Sølvi Kongestøl Mongstad



er frå Eikedalen, bur på Norheim, arbeider som lærar på Framnes kr vid skule og skal no arbeida 25% som ungdomsarbeidar i N&Ø indremisjon.

-Tenk om eg kan ta del i ein liten del av liva deira, verte litt kjend med nokre av desse unge og vere med på å gje dei retning? God retning i ei verd full av motstridande retningar, seier vikar i ungdomsarbeidet Sølvi Kongestøl Mongstad.

«Gratulerer med ny jobb! Vil du skrive nokre ord til Kyrkjeblad for Kvam i spalta Dette brenn eg for?» Slik tikka meldinga frå Lars Arne Vik inn på telefonen min i veka som gjekk.

Eg er midt inne i oppstart på Framnes kristne vidaregåande skule med mange nye elevar og travle dagar. Det er full rulle med «bli kjend opplegg» og informasjon til nye elevar. Men klart eg lyt ta meg tid til å skrive til Kyrkjeblad for Kvam, for eg har jo også fått meg ny jobb!

Dette skuleåret skal eg nemleg steppe inn i rolla som ungdomsarbeidar i Øysetse og Norheimsund indremisjon. Eg skal jobbe deltid der og blant anna ha ansvar

for ungdomsklubben Origo. Eg skal også vere med å arrangere ungdomshelger med kristent innhald. Julie Håberg som eigentleg har jobben er i fødselspermisjon, og det vart brått behov for eit nytt menneske som kunne styre skuta saman med ungdomen i bygda.

Ja, for det er nettopp for desse eg takka ja til denne jobben. Ungdomen altså. Flotte, levande, nysgjerrige, håpefulle, energiske, usikre, formbare, sårbare, søkande ungdomar i bygdene våre. Unge menneske som ser og treng å bli sett. Unge menneske som lurar på kvar vegen går, som freistar å finne kven dei er, kven dei ynskjer å vere, kva dei skal bruke dagane på og kanskje til og med kva dei vil bruke liva sine til. Unge menneske som berre er og lever i «nuet», gjerne litt ukritisk og utan filter. For der er alle typar. Variasjonen er stor.

Tenk om eg kan få vere med å gå nokre steg saman med ungdomane som kjem til bedehusa våre, ta følgje eit styk-

ke på vegen? Tenk om eg kan ta del i ein liten del av liva deira, verte litt kjend med nokre av desse unge og vere med på å gje dei retning? God retning i ei verd full av motstridande retningar. Tenk om eg kan vere med å peike på Jesus for nokre av desse unge håpefulle, og på denne måten sko dei for vær og vind som livet byr på? Tenk om eg kan få vere med på å skape rom for fleire i fellesskapet vårt?

Ungdomen er trass alt framtida. Framtida for bygdene våre. Framtida for landet vårt. La oss slå ring om dei og heie på dei. La oss vise at vi tenker dei er viktige og at dei betyr noko. La oss gje dei av vår merksemd og tid. Kanskje kan vi vere med som vaksenkontakt på nokre av Origo-samlingane deira, halde ei andakt, be for dei, hjelpe til praktisk eller bake ei kake? Det er verdt investeringa! Håper å sjå deg blant ungdomen i år 😊

Løysing på kryssord frå side 13.

T	L	L	E	P	A	K	←	E	R	K	R	A	E	A	R	E	K	←	E
E	L	E	H	P	K	←	E	L	S	O	D	N	E	N	O	K	S	←	E
T	G	D	N	S	U	K	←	F	I	K	M	A	S	K	E	N	S	←	E
K	E	I	E	N	D	E	←	S	E	R	T	E	R	E	T	E	R	←	E
U	R	O	K	←	Ø	N	←	E	A	D	L	B	R	E	R	I	B	←	E
D	PLANTE	L	I	G	U	I	←	E	R	E	R	I	G	E	R	I	G	←	E
O	M	E	N	R	E	A	←	N	A	N	I	K	A	N	I	K	A	←	E
R	O	R	G	N	I	N	←	B	O	B	E	T	F	E	T	F	E	←	E
P	S	N	E	P	I	L	←	F	O	M	S	E	S	N	E	S	←	E	
L	N	A	V	A	R	A	←	E	N	E	A	T	A	D	A	T	←	E	
O	N	E	L	O	K	T	←	D	E	T	I	S	S	S	S	S	←	E	
N	E	R	E	T	S	A	←	H	A	M	S	A	L	E	L	T	←	E	
A	R	A	H	T	A	N	←	A	A	A	S	E	N	E	N	E	←	E	
T	A	H	C	←	K	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
J	E	M	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
A	T	M	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
I	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
E	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
E	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
N	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
N	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
G	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
N	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
E	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E
I	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	←	E

Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne, samt planting?

Også sal av nye gravminne med tilbehør (Eikner naturstein)

Ring: 406 11 817

Lang erfaring, førehandspris.

L.M. Fosse

FRÅ KYRKJEBØKENE

DØYPTE

Ålvik sokn

Iben Celine Rysjedal
Jon Aga Fykse

Øystese sokn

Håvard Torsvik Bakken
Johannes Soma Norheim
Håkon Floen Berge
Emilie Flotve-Vangdal

Vikøy sokn

Leon Kvamsøy Tyssebotn
Håkon Sande Skjerveggen
Othelie Storstad Rubin
Eivind Andreas Håland
Ingrid Tveit Rykkje
Torvald Soldal

Strandebarm sokn

Hedda Alme Djupesland
Tomine Gjerde Riise
Torbjørn Tveit
Asta Johanna Revheim Thorbjørnsen
Oda Nernes Steine
Emma Nernes Steine
Elias Berge Johansen

VIGDE

Ålvik sokn

- Linda Boletta Ringheim Aga
og Bjørnar Fykse

Øystese sokn

- Ingrid Rykkje Jordalen
og Svein Straumstein
- Anniken Elisabeth Juul
og Alexander Hasund, Bærum
- Caroline Haugland
og Johnny Hausberg, Austevoll

Vikøy sokn

- Lene Aarhus Aksnes
og Magnus Wajda Østeng
- Ingrid Skrede
og Kristian Fallrø
- May-Britt Sande
og Fredrik Skjerveggen
- Elisabeth Eide
og Jakob Haugstad
- Trude Flotve
og Johan Skeie
- Evelyn Froestad Riber
og Morten Steinsvoll
- Mari Flølo Søgaard
og Olav Svarstad Haugland, Asker

Strandebarm sokn

- Silje Håbrekke Fosse
og Martin Sture Neteland
- Christina Skorge
og Øystein Hoff
- Olivia Bysheim, Rådal
og Stian Helland, Eikelandsosen
- Anette Iversen
og Øystein Gundersen, Olsvik
- Elisabeth Michelle Takla
og Lars Christian Midtbø, Tyssedal

AVLIDNE

Øystese sokn

- Lena Carlsen Haugen (f.1985)
Olav Kvamsøy (f.1943)
Agnes Børve (f.1921)
Anna Teigland (f.1920)
Arne Aasprang (f.1935)
Finn Jacobsen (f.1942)
Jenny Skjerping (f.1924)
Ove Frøystad (f.1962)
Arne Johan Samlenes (f.1943)
Halldis Soma (f.1924)
Olav S. Mo (f.1932)

Ålvik sokn

Lillian Steinsland (f.1958)
Arvid Steinsland (f.1954)

Vikøy sokn

Selma Skutlaberg (f.1934)
Maria E. Mo (f.1925)
Hilde Snilstveit (f.1977)
Ragnar Steine (f.1929)
Kari Fonneland (f.1945)
Elena Kristine Storetvedt Gagos (f.1997)
Svein Holt (f.1940)
Anna Tolo (f.1921)
Arild Johan Tolo (f.1937)
Berit Kaldestad (f.1942)

Strandebarm sokn

Håkon Hamre (f.1949-d.2021)
Jakob Vik (f.1940)
Ingulf Leirstein (f.1935)
Herborg Johanne Kvamsøe (f.1939)
Marit Solberg (f.1940)
Lars P. Ugletveit (f.1928)



ONSDAG 18 - BØN

Bøn for kyrkja og verda
kvar onsdag i kyrkjelydssalen i
Norheimsund kyrkje
frå klokka 18.00 til 18.45

Det er fint – og viktig – å be saman
med andre.
Kom og bli med når du har
høve til det.

Arr: Vikøy sokneråd



En ferie å glede seg til

Gi trygge ferieopplevelser til familier
som har det vanskelig

VIPPS en gave til 13130 (merket FERIE)
gi på konto 3201 52 74165



Presten som aldri kom til oss

«Vårt heimland i mørke lenge låg, og vankunna ljuset gøynde». Dette gjeld ikkje berre tida før vikingane «henta heim» kristendommen. Det var nokre hundreår stillingar innan kyrkja var til kjøps, eller dei vart arva. Ikkje alle kyrkjelydar fekk prestar dei var tente med. I det heile var det ei tung tid for kyrkja. Og når same «reglane» var rådande i resten av landet, var det småkårsfolket som leid mest. **Ove Kjell Sakseid skriv denne gongen om presten som ikkje kom.**

I ættarboka for Kvam, under Vikøy, står oppført ein Samuel Helgesen mellom prestane som gjorde teneste her. Det står ikkje noko om fødselsår eller dødsår. Heller ikkje kven han eventuelt var gift med, men i kommentarane står det at han truleg aldri kom til Vikøy. Likevel tar eg meg lov å skriva om han. Grunnen er at saga om han viser oss samfunnet slik det nok var i fleire hundreår. Det var ikkje vitnemål og personlege kvalitetar som var rådande. Kvar grov til seg og sitt.

Latinske namn

Samuel skulle ha tatt over etter Bjørn Jenssen Kock – også skriva som Bero Cochnius. Eg går ut frå at det siste er det norske namnet på latin. Samuel var kalla Hovensis ved eit høve, og det er vel den rådande tidsånda som har gjort sitt til at dei ville heva seg over «den gemene hop» - vanlege folk.

Bjørn prest døydde i 1618 i Bergen. Dei siste to åra av livet, hadde han vore kapellan i domkyrkja der. Kapellan i Bergen var nok meir lukrativt enn sokneprest i Vikøy.

Samuel var nyutdanna ved Bergen Katedralskule i 1615. Alt i 1616 vart han utnemnd til prest i Vikøy.

I ættarboka for Kvam står det at Samuel skulle vera frå Finnås, og der er eg bra kjend. Ja, det skulle ikkje forundra meg mykje om eg ikkje finn fram til slektskap med Samuel, om eg leitar.

Brot mot lov og sømd

Grunnen til at Samuel ikkje gjekk inn i teneste i Vikøy, skulle vera at han «ved same tid vart suspendert for grovt brot mot lov og sømd».

I andre kjelder kan me lesa at Samuel var son til Helge Pederson som igjen var son til soknepresten i Finnås. Retten til

prestekallet i Finnås stod då sikkert klart fram i Samuel sine tankar.

Samuel vart frådømt kallet i Vikøy på grunn av «legermål med festarmøya si». Det var nok ein del prestar som kom opp i sama situasjonen som Samuel, og vart frådømt stillinga si. Men om dei vart kalla til prest i eit anna kall, var det greitt om dei gjorde teneste der. Dommen kunne på den måten «bli ugyldiggjort». Og Samuel vart kalla til teneste ved St. Jørgens Hospital (spedalskjukehuset) i Bergen. Her var han til 1628. Då vart han kalla til sokneprest i Finnås. Han skulle overta etter onkelen, Daniel Pedersen. Både far og bestefar til Daniel hadde vore prestar i Finnås.

Kjempa for sonen

Også her vart det problem for Samuel, om enn av eit anna slag enn då han måtte gi slepp på Vikøy. «Alt gjekk rett for seg, men prosten ville ikkje godkjenna valet», står det å lesa i ættarboka for Bømlø. Det må ha vore din diskusjon om tilsetjinga mellom kyrkjelyden og prosten der kyrkjelyden krov innsikt i prostens sine argument for å nekta å setja Samuel inn i stillinga. Prosten ville ikkje leggja fram argumenta «- men forloed dem och Vigede bort fra dem och icke Vilde forstaa Aff Huad Aarsag han sligt gjorde, endogh

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i *Prestar i Kvam*



de samme thid hand Nogle gange hannem der om Anmodede». - (men forlet dei og veik bort frå dei og ville ikkje fortelja kva grunnen var til at han gjorde som han gjorde, sjølv om dei oppmoda han om det fleire gongar). Det var ein annan prosten hadde i tankane når det stod om kallet på Finnås. Han hadde sjølv ein son han kjempa for. Enden på visa vart at ingen av dei to fekk kallet. Lensherren greip inn, og utnemnde prest. Enden på visa vart at prosten fekk ein kraftig reprimande, og Samuel vart verande ved St. Jørgen. Inntektene der var ikkje større enn dei han hadde fått om han hadde gått inn i tenesta i Vikøy. Dei var rett og slett ikkje til å leva av. Om han hadde fått Finnås, ville han fått betre dagar. Den tid var inntektene etter storleiken på kallet.

Arva stillingar

Samuel flytte til indre Økland (no i Sveio, dengong i Finnås prestegjeld –Valestrand) og budde hos sonen. Truleg hadde han ikkje familie han måtte forsørgja, så han låg ikkje sonen så mykje til last. I det minste så lenge han kunne hjelpa til på garden. «Vårt heimland i mørke lenge låg, og vankunna ljuset gøynde». Dette gjeld ikkje berre tida før vikingane «henta heim» kristendommen. Det var nokre hundreår stillingar innan kyrkja var til kjøps, eller dei vart arva. Ikkje alle kyrkjelydar fekk prestar dei var tente med. I det heile var det ei tung tid for kyrkja. Og når same «reglane» var rådande i resten av landet, var det småkårsfolket som leid mest.



Musikalsk føremiddagstreff om lag første tysdag i månaden haust 2022 i Øystese kyrkje kl 11.00-12.45

Song og musikk, tema, ord for dagen,
salmestafett og enkel lunsj

11. oktober

Demenslandsby eller brakkeby?
Eldreomsorg i Kvam
v/leiar for heildøgns omsorg
i Kvam herad
Elfrid Romsås Oma

1. november

Program kjem

6. desember

Alle dei kjære julesongane

Arr: Øystese sokneråd



Kyrkjetreff Ålvik kyrkje hausten 2022 om lag første tysdag i månaden kl 16.00-17.45

11. oktober

Program ved kantor Ulf Krupka
og spr Lars Arne Vik

1. november

Program ved Olaug Dyrkorn
og spr Lars Arne Vik

Vel møtt til fellesskap i kyrkja!

Arr: Ålvik sokneråd

Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (f. 1950) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese

Prost emeritus



Bilringen

Etter feriedagar kan det høve med fylgjande historie:

Ein morgon var kona og mannen på badet samstundes.

Mannen ser på kona si, peikar på seg sjølv og seier:

-Ikkje har eg mange hår att på hovudet, hakene blir stadig fleire, dårleg haldning og framoverbøyd er eg, og fleire bilringar rundt magen.

Kari, kan du ikkje seia noko positivt til meg?

Kari tek ein pause, ser på mannen og seier:

-Det er då ikkje noko i vegen med synet ditt.



Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rusk
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HARDANGER
BYGGSENTER**

www.hardangerbyggcenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50



Byggmeister

PER AUGESTAD A/S

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no

MESTERHUS

www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE

KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!



SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

Gründerdatteren som hjelper andre



HimalPartner

1. juli 2022 | Line Konstali

Så lenge Srishti (28) kan huske, har foreldrene drevet små forretninger til fordel for familiens hverdagslige utgifter. Som voksen jobber hun selv for at andre nepalere lettere skal kunne oppnå de samme drømmene som foreldrene klarte. Bli kjent med en av våre partnere i Nepal.

Preget av oppveksten

Srishtis oppvekst i Kailali formet henne. Foreldrene var lærere og i tillegg til lærerjobben drev de små forretninger. Som eldst i søskenflokket på tre, bror og søster, lærte hun tidlig at hun også måtte være aktiv for å bidra til familiens inntekt. Hennes far drev netttcafé i bygda. Moren deltok i opplæring av møbelsnekkeryrket og hun startet også etter hvert dyrking av sjampinjonger til salg. Fortsatt er moren engasjert i å gi kvinner i nærområdet yrkesopplæring. Faren måtte i takt med utviklingen legge ned netttcaféen, men til gjengjeld fikk han da jobb som IT-ansvarlig i Samferdselsdepartementet i Kathmandu. Her jobber han fortsatt.

Trosreise

Noe som også formet Srishti er at hun vokste opp i et kristent hjem. Foreldrene ble kristne da de underviste på den lokale skolen. De bestemte seg også for å oppdra barna i kristen tro. Srishti vokste derfor opp med å dra til den lokale menigheten hver lørdag. I dette fellesskapet hadde de mange morsomme aktiviteter samtidig som de lærte mye om Gud og Jesus. Som barn elsket hun å lese i Bibelen og hun deltok også en del i quizer med bibelsk tema. Flere av dem vant hun.

Men det var først som 16-åring (i 2008) hun tok imot Jesus i hjertet sitt. Fra dette tidspunktet var hun å regne som personlig kristen. Akkurat nå er hun en del av Emmanuel Ecclesia Tikapur Church, der hun også spiller en viktig rolle som ungdomsleder og kasserer.

Flyttet til Kathmandu

Fra 2011 har Srishti med bror og søster vært bosatt hos far i Kathmandu. Årsaken er at hovedstaden tilbyr bedre utdannings- og jobbmuligheter. Storbyen kan være en krevende overgang for mange studenter. Det kan være utfordrende å finne nye venner og delta i et miljø man trives i. I tillegg

skal man mestre studiene. Srishti var ganske bestemt på at alt dette skulle hun klare. Tidlig fikk hun en deltidsstilling som lærer. Som barn hadde hun vært vitne til at foreldrene alltid fant kreative løsninger ut av fattigdommen. Hun ville følge deres eksempel.

Studier og arbeid

For tiden holder Srishti på med en master i bedriftsøkonomi. Hun har tidligere en bachelorgrad, og under studiene fikk hun også etter hvert en deltidsstilling i et firma som selger traktorer og traktordeler. I 2015 ble hun derimot ansatt som praktikant i United Mission to Nepal (UMN). Dette året beskrives som det beste i hennes liv. Året i UMN hjalp henne til å finne fram til det potensialet som ligger i henne. Hun fant ut at det å skaffe arbeid til alle, var viktige verdier hun hadde lært hjemmefra. Dette ville hun bruke livet sitt til. Etter hvert fikk hun jobb i Small Entrepreneur Support Initiative Nepal (SESI), som er en partner innenfor våre næringsprosjekter.

Aktiv på fritiden

Srishti er ikke kjent for å ligge på latsiden. I tillegg til å være lidenskapelig opptatt av studier og jobb, har hun flere fritidsaktiviteter som beriker henne. Som medlem i den internasjonale «Toastmasters club» deltar hun på flere samlinger. I denne klubben fokuseres det på presentasjonsteknikk og god ledelse. Sammen med Saimon Gurung, som tilhører samme menighet, driver hun en del med sang og musikk på fritiden.

I tillegg har hun allsidige interesser innen fysisk aktivitet. I tillegg til å sykle mye i Kathmandu-dalen er hun aktiv i cricket, volleyball og badminton.

Rolle i SESI

I 2019 ble Srishti en del av SESI som konsulent på kontoret i Kathmandu. Årsaken til at nettopp dette er drømmejobben, er at hun hele tiden har hatt et brennende ønske om å gi noe tilbake til Kailali. Foreldre hennes har alltid jobbet for at andre skal få hjelp, nå er det hennes tur. Målet er å støtte opp om all type næringsvirksomhet, men øverst på prioriteringslisten er de økovenlige og bærekraftige bedriftene. Bærekraftmålene tilknyttet miljø er viktige for henne å følge.



Srishti vokste opp med hardtarbeidende og kreative foreldre. Det inspirerte henne til å hjelpe sitt land som voksen. Foto: Pratiksha Khanal.

Ugift kvinne på landsbygda

Srishti har delvis flyttet tilbake til Kailali. Hun pendler mellom et kontor opprettet i hennes private hus og Kathmandu. I Kailali ønsker hun å være en rollemodel for andre kvinner. Hun vil vise at også kvinner kan være selvstendige og forsørge seg selv. Det er derimot ikke alltid dette budskapet slår an. At kvinner i hennes alder kan være ugift, er for mange svært spesielt. Flere lurer på hvorfor hun ikke har barn enda og om jobben tar for mye tid.

Srishti er ikke fremmed for tanken, og ser ikke bort fra at hun finner den store kjærligheten en dag. Selv har hun sett mange ulykkelige ekteskap som følge av at unge mennesker er tvunget til å gifte seg for tidlig, og i tillegg med ektefeller de ikke nødvendigvis velger selv. Dette står i stor kontrast til det pulserende bylivet i Kathmandu. Samtidig ser hun også at storbyens verdier i stor grad er på vei til landsbygda.

Til tross for alle utfordringer knyttet til fordommer mot ugifte kvinner, er hun glad i lokalsamfunnet og finner mye støtte i nærmeste familie. Behovet for å gi noe tilbake er sterkere enn noensinne.

SMÅBARNSTREFF



Annakvar onsdag er det småbarnstreff i Norheimsund kyrkje frå kl 10.00-12.00.
På bileta ser me barn og vaksne i full aktivitet. Foto: Bryna Opdal.